

## KONTROLLUTVALET I OSTERØY KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

- Møte: 20. februar 2019 kl. 12.00 – 14.30  
Stad: Formannskapssalen, Kommunehuset
- Tilstade: Ole Johannes Mjøs (fung. leiar), Ann Christin Reigstad (medlem),  
John Tysse (medlem), Eiliv Veseth (vara for Audun Mosevoll) og  
Ragna Thunestvedt (vara for Atle Reidar Eide)
- Forfall: Atle Reidar Eide (leiar) og Audun Mosevoll
- Innkalla: Ordførar Jarle Skeidsvoll (sak 01-05)  
Rådmann Ingvild Hjelmtveit  
Leiar for barnevernstenesta Jane K. Tønjum til sak (07/19)  
Sektorleiar Berit Karin Rystad
- Frå revisjon: Revisjonssjef Janne Eraker og Tonje Husum Aarland,  
Nordhordland revisjon IKS
- Sekretær: Øivind Olsnes
- 

### **06/19 Rapport forvaltningsrevisjon - Vedtaksoppfølging, Osterøy kommune**

#### Saksvedlegg:

Rapport forvaltningsrevisjon, februar 2019 - Vedtaksoppfølging Osterøy kommune.  
Nordhordland Revisjon IKS

#### Saksopplysningar:


Forvaltningsprosjektet vart tinga av kontrollutvalet i møte den 14.06.2018  
(i sak 21/18) med ei seinare presisering i vedtak under sak 32/18.

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje om kommunen har eit system for sakshandsaming av enkeltvedtak som sikrar at gjeldande lovkrav og god forvaltningsskikk vert følgd. Prosjektet er avgrensa til å undersøkje rutinar og praksis innanfor avdelingane plan og teknisk forvaltning (byggesak og landbruk).

Følgjande problemstillingar har vore undersøkt:

- Har Osterøy kommune eit system som sikrar at førebuing, utforming og oppfølging av enkeltvedtak er i tråd med regelverket?
- Er enkeltvedtak i Osterøy kommune i tråd med lovkrav og kommunen sine retningslinjer?

Ved oppstart vart det halde møte den 21.06.18, og den 12.12.18 eit avsluttande møte med rådmannen. I prosjektet har revisjonen nytta dokumentanalyse og gjennomført intervju med tilsette.




Revisjonen sin hovudkonklusjon er:

- Osterøy kommune har eit formålstenleg system for førebuing, utforming og oppfølging av enkeltvedtak som er eigna til å sikre gode prosessar kring sakshandsaming og sikre at regelverket vert etterlevd.
- Sakshandsaminga byggjer på eit felles digitalt sakshandsamingssystem, og på både skriftlege og uformelle rutinar, som revisjonen vurderer er godt etablert i dei aktuelle fagområda.
- Revisjonen meiner at system og rutinar for informasjonsdeling og sakshandsaming mellom fagområda legg til rette for at saker vert godt opplyst.
- Enkeltvedtak innan dei reviderte områda er i stor grad i tråd med lovkrav når det gjeld utforming og underretning av vedtak og sakshandsamingsfristar i byggesaker.
- Revisjonen har i prosjektet også funne ulike tilhøve, som dei rår til at kommunen gjennomfører tiltak for.

Revisjonen tilrår derfor i rapporten at Osterøy kommune:

- oppdaterer administrativt sub-delegeringsreglement til dagens organisering;
- etablerer rutine for å jamleg gjennomgå dei felles skrive- og registreringsreglane for WebSak Fokus og sørgje for at dokumentet vert datert;
- vurderer å utarbeide flytskjema og sjekklister der dette er føremålstenleg å gjere innanfor landbrukssaker;
- skriftleggjer rutinar for kvalitetssikring;
- skriftleggjer rutinar for samhandling i og mellom fagavdelingane, særleg med tanke på interne tidsfristar;
- utarbeider rutinar for utsending av foreløpig svar i saker som har lang handsamingstid eller går utover dei lovpålagte tidsfristane;
- utarbeider rutine for utsending av foreløpig svar i klagesaker som har lang sakshandsamingstid;
- utarbeider rutinar for utsending av mottaksbrev for landbrukssaker;
- oppdaterer malar for vedtaksbrev for å sikre at informasjon om retten til å sjå saksdokumenter kjem fram.

Rådmannen har i sin høyringsuttale datert 30.01.2019 ikkje merknader til funn og tilrådingar som revisjonen har kome med. Rådmannen opplyser i sin uttale at ulike tiltak alt er gjennomført og at kommunen tek sikte på å halde fram arbeide for å betre ulike rutinar der dette er naudsynt.



**Behandling i møte:**

Revisjonssjef Janne Eraker og Tonje Husum Aarland deltok i møtet. Tonje Husum Aarland orienterte om rapporten og svarte på spørsmål til saka.

I møtet opplyste rådmannen om at det er utarbeida ein del fleire rutinar enn kva som tidlegare var meldt frå om. Reglement for sub-delegering er no utarbeida.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet rår til at rådmannen føl opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang av tilrådde tiltak, og gjennomføre naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og oppdatere reglement og malar der dette er tilrådd.

Kontrollutvalet rår til at forvaltningsrevisor vert invitert til neste kommunestyremøte for å orientere om rapporten.

**Framlegg til vedtak i kommunestyret:**


Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber om at rådmannen føl opp forvaltningsrapporten ved å føreta ein intern gjennomgang av tilrådde tiltak, og gjennomføre naudsynlege tiltak for å etablere rutinar og oppdatere reglement og malar der dette er tilrådd.

Innan 1. juni 2019 vert rådmannen beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet om korleis tilrådingane i rapporten er følgd opp.

Osterøy, 20. februar 2019

  
Ole Johannes Mjøs, fung. leiar

  
Øyvind Olsnes, sekretær